

Osterøy kommune
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Dato	11.10.2023
Vår referanse	2023/75937-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Jostein Aksdal
E-post	Jostein.Aksdal@vlfk.no
Telefon	90207124

Kulturminnefagleg fråsegn til søknad om vesentleg terrenginngrep - bakkeplanering innmarksbeite - gnr. 34 bnr. 2 - Osterøy kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev med søknad om tiltak dagsett 11.09.2023. Søknad gjeld nydyrking/planering/massefylling av eit areal på 34/2 i Osterøy kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

I fylgje våre arkiv er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne, som t.d. SEFRAK - registrerte bygningar, tufter o.l. som tiltaket vil komma i konflikt med. Vestland fylkeskommune ber om at det vert teke mest mogleg omsyn til kulturmiljøverdiane i området, jf. rundskriv M-19/97.

Kulturminnevernet har ikkje merknader til tiltaket ut over at me ber kommunen opplyse i saka på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast på funnstaden til funnet er vurdert.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Jostein Aksdal
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift